



Den 30. mai 2016

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

### **Kinsedal og Kveken kraftverk i Luster – tillegg til tidlegare fråsegn**

Vi viser til vår fråsegn om Lustrapakken i juni 2015 og til rapporten om tilleggsregistreringar (Økolog Vatne rapport 2-2015).

Særleg i lys av den siste rapporten, er det klart at vi i første omgang ikkje såg nøye nok på verdiane nedst i vassdraget, og konsekvensane av å byggje Kinsedal kraftverk.

Tilleggsregistreringane gjev eit langt fyldigare bilete at verdiane i elva og konsekvensane av begge kraftverka. I denne rapporten har Kinsedal kraftverk fått stor negativ konsekvens, medan Kveken har fått middels negativ konsekvens.

Begge vil redusere vassføringa i den 3,6 kilometer lange skogsbekkekløfta som har fått verdi A, og som får redusert verdi av begge utbyggingane. Tilleggsregistreringane styrkjer vår oppfatning om at landskapet i Kinsedalen er svært artsrikt over store delar, med eit markert kulturpreg som har skapt mange naturtypar av middels kvalitet, som er viktige i regional samanheng. Funna av raudlista artar er mange, og forfattaren peikar på at det var for knapp tid til å gjennomføre eit grundig arbeid. Han nemner òg at artskunnskapen om mosar er mindre enn for lav, slik at dei kan ha oversett artar som finst i området. Vi viser til tabellane side som viser funn av 9 naturtypar og 18 raudlista artar. 8 av dei er i kategorien sårbar. I tråd med det som er sagt om manglande kompetanse, er det eine funnet av raudlista mose lite samanlikna med talet på raudlista lav.

Den nye rapporten understrekar at heile området er uvanleg artsrikt, til dels på grunn av kalkinnhaldet i grunnen. Der går ein veg til bruka på nordsida, elles er elva uforstyrta og

dalen upåverka av andre tekniske inngrep i nyare tid. Vi vil hevde at ein slik rik og uforstyrta heilskap har stor verneverdi og bør få ligge utan dei omsøkte kraftverka. Som følgje av formelen i konsekvensvifta har Kveken fått mindre negativ konsekvens enn Kinsedal. Denne oppskrifta er basert på utvalde element i naturen, ikkje heilskapen i landskapet.

Skogsbekkekløfta med verdi A gjev stort utslag, og hadde gjort det sjølv om resten av influensområdet var trivielt med tanke på naturtypar og truga artar. I tillegg til dei spesielle fragmenta må ei økologiske forsvarleg forvaltning også ta omsyn til heilskapen i det aktuelle området. Dette er i tråd med den berande ideen bak naturmangfaldlova.

I Kinsedalen er det meste av den elvenære naturen ein uforstyrta rikdom. Vi vil hevde at begge utbyggingane i det store og rike heilskapen vil ha store negative konsekvensar. Det er framleis grunn til å tru at den nye kunnskapen som har komme til, ikkje er fullstendig. Forfattaren skriv òg at det eksisterer lite kunnskap om konsekvensane av redusert vassføring for mange av artane som er kjende. Etter vår oppfatning talar begge opplysningane for at føre var-regelen får atskilleg tyngde under konsesjonsavgjerda. I Kinsedalen ligg det truleg til rette for å sikre artar og leveområde som kan gå tapt andre stader i Luster på grunn av mangelfull rapportering i dei konsekvensutgreiingane som har vore grunnlag for avgjerdene. Den samla påkjenninga på vassdragsnaturen i indre Sogn er opplagt stor, på grunn av ei rekkje store og små kraftverk. Vi har ikkje kunnskap om andre aktuelle tilfelle som er like veileigna til å sikre ein allsidig elvenatur i slikt omfang og med slike kvalitetar som i Kinsedalen.

### **Konklusjon**

På dette grunnlaget går Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane klart i mot å gje konsesjon til både Kveken kraftverk og Kinsedal kraftverk.

Med helsing

Erik Solheim (sign)

Rådgjever i Naturvernforbundet Sogn og Fjordane